



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 42, 1. desember 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### Inviterer studentar til å bli internasjonal fadder

Internasjonalt kontor har invitert studentar til å stille opp som internasjonal fadder under Internasjonal veke 9.-15. januar. Å vere fadder er frivillig og ubetalt arbeid, men kan vere med på å gi studentar eit [Internasjonaliseringssertifikat \(Certificate of Internationalisation\)](#).

**LES MEIR**



## Rektorutspørjing måndag 5. desember kl 14.00

Rektorkandidat Odd Helge Tonheim og prorektorkandidat Eirik Søvik vil måndag 5. desember delta i eit utspørjing ved dosent em. Odd Ragnar Hunnes. Det blir høve til å møte rektorkandidatane i Berte Kanutte-huset, store auditorium.

**LES MEIR**

## Studium og studentliv

### Utdanningsutvalet: Åtte periodiske studieprogramevalueringar i 2023-2024

[Utdanningsutvalet har vedteke](#) kva studieprogram som skal gjennomføre periodisk studieprogramevaluering i studieåret 2023-2024. Det er tre masterprogram, tre bachelorprogram og dei to PPU-tilboda som skal kvalitetssikrast på denne måten, inkludert dei fleste studieprogramma på Avdeling for mediefag. Her er lista:

- MA Erfaringsbasert master i undervisning og læring (AHL)
- MA Master i kulturmøte (AHL/ASH)
- MA Master in Media Practices (AMF)
- BA Bachelor i animasjon (AMF)
- BA Bachelor i medieproduksjon (AMF)
- BA Bachelor i journalistikk (AMF)
- PPU Allmennfag (AHL)
- PPU Yrkesfag (AHL)

I same saka vedtok også Utdanningsutvalet har ein rulleringsplan for alle periodiske studieprogramevalueringar fram til 2027.

### Utdanningsutvalet: Slutt med årlege revisjonar av studieprogramma

Frå 2024-2025 vil studieprogramma ved Høgskulen i Volda ikkje lenger ha årlege revisjonar, men kvart sjetten år, som hovudregel. Studieprogramma skal gjennomføre periodiske studieprogramevalueringar kvart sjetten år, og programma skal samtidig gjennomføre ein hovudrevisjon. Innhald og pensum vil sjølvstøtt bli løpande justert, men dei overordna prinsippa i studieprogrammet skal altså ikkje endrast kvart år. Vert det nødvendig å gjere endringar mellom hovudrevisjonen må det søkast Utdanningsutvalet om å få gjere ein mellomrevisjon. Dette går fram av "Plan for utvikling av studieporteføljen", som vart drøfta og vedtatt i Utdanningsutvalet måndag 28. november.

## Vil endre namn og innhald på mastergrad i helse- og sosial

Utdanningsutvalet har godkjent at Avdeling for samfunnsfag og historie kan starte arbeidet med å revidere mastergraden som har det fulle namnet: [Mastergradsstudium i helse- og sosialfag - meistring og myndiggjering](#). Avdelinga planlegg å endre namnet til "Master i helse- og sosialfag", og etablere tre studieretningar innanfor graden: Rusarbeid, folkehelsearbeid og samhandling og struktur. Dei ønsker også å utvikle eit nytt emne i miljøterapi. Mastergraden starta i 2006, men i 2023 tek avdelinga sikte på å starte ein master i barnevernsarbeid og det er nødvendig både med ei fagleg oppdatering men også å tydeleggjere at avdelinga har ei relevant og tverrprofesjonell mastergrad i tillegg til master i barnvernsarbeid. Utdanningsutvalet har sett som føresetnad for revisjonen at den ikkje blir så omfattande at graden må akkrediterast på nytt.



Foto: Lene Mo Flataker, HVO

## Carien Lærum om skikkavurderingar: "Har studentens rettigheter slukt funksjonen til skikkethetsforskriften?"

[Rådgivar og praksisansvarleg PPU Carien Hedvig Passchier Lærum](#), AHL/PPU, har skrivne eit [debattinnlegg i Khrono](#) der ho diskuterer balansen mellom studentanes rettar og føremålet med skikkavurderingar, og meiner det blir stilt for strenge krav til dei formelle sidene ved skikkasaker, noko som medfører at svært få studentar blir kjende uskikka av den nasjonale Felles klagenemnd. Det kan medføre at det vert meldt inn for få saker og at uskikka studentar blir uteksaminert og sendt ut i arbeidslivet.



**Onsdag 7. desember: Juleverkstad og Tre nøtter til askepott på kino**

Om studentane saknar julestemninga blir det juleverkstad i kantina komande onsdag 7. desember kl. 12-15. Det blir gratis risengrynsgraut (med mandel), spekemat og gløgg. På kvelden blir det gratis studentkino på Volda Filmteater – tre nøtter til Askepott (den nye utgåva). Middagen i kantina denne dagen er juletallerken, så det blir komplett julestemning med middagslukt og alt!



### **Menyen i kantina komande veke:**

Måndag: Veganbollar med fløtesaus og heimelaga potetmos(vegan/vegetar)

Tysdag: Sprøbakt sei med remulade salat og poteter

**Onsdag: Juletallerken: Svineribbe, pinnekjøtt, julepølse, surkål, rødkål, poteter og kålrabistappe kr 159,- (merk prisen)**

Torsdag: Potetball med tilbehør

Fredag: Tacobuffé

Pris er kr 14,90 per hg (med unntak av juletallerken).

## Styre og stell

### **Khrono-reportasje om rektorvalet i Volda**

Nettavisen Khrono har snakka med mange HVO-tilsette om nominasjonen og det komande rektorvalet - både rektor- og prorektorkandidat Tonheim og Søvik, og dekan Unni Hagen som var nominert som rektorkandidat. [Les meir på Khrono.](#)

**Høgskulestyret har årets siste møte 8. desember**

Høgskulestyret for Høgskulen i Volda har det siste møtet i 2022 torsdag 8. desember. [Sakspapira til møtet blir tilgjengelege på den vanlege nettsida i løpet av torsdag 1. desember](#). På dagsorden står blant anna planar for 2023, budsjett for 2023, investeringsplan for 2023-2026, langtidsbudsjett for 2024-2026 og studieportefølje for 2023-2024.


### Høgskulestyret: Ventar lågare løyvingar i åra framover

Høgskulen i Volda kan vente ein nedgang i løyvingane for dei komande åra. Dette går fram av direktørens framlegg til langtidsbudsjett. Den viktigaste grunnen til nedgangen er at høgskulen fekk ekstra studieplassar på grunn av pandemien i 2020, og desse studieplassane blir fasa ut i åra som kjem. Høgskulen reknar med å få ein liten auke i inntekter frå etter- og vidareutdanning og frå forskingsinntekter.

### Engelske namn på avdelingar, institutt og seksjonar

Alle avdelingar, institutt og seksjonar er no i ferd med å få standardiserte engelske namn, altså namn som følgjer same mal og omgrepsbruk. Avdelingane vert på engelsk kalla Faculty, med Faculty som første ord i namngjevinga, som til dømes: "Faculty of Social Science and History" - - med stor bokstav i substantiva. Institutta blir på engelsk kalla Departments, med Department som første ord. Seksjonar blir kalla Sections. Namna vil etter kvart få plass på dei engelske nettsidene våre og i engelsk språkdrakt blant anna i Cristin.

## Fag og forskning



**Digitalt forskingsseminar i forskingsgruppa "Spesialpedagogikk og inkludering"**

[Forskningsgruppa Spesialpedagogikk og inkludering](#) har arrangert digitalt forskingsseminar med forskarar frå Københavns Professionshøjskole, Aarhus universitet og Aalborg universitet. Det var 20 deltakarar på seminaret og det kom mange spanande innlegg frå dei fire deltakande institusjonane. I månadsskiftet februar/mars skal forskningsgruppa arrangere eit nytt seminar. Forskinga som var presentert har forankring i både barnehage- og skulefeltet. Sentrale stikkord for forskinga var tverretatlege og -faglege samarbeid, inkludering i undervisninga og som grunnlag for spesialpedagogisk praksis. Frå HVO presenterte førstelektor Silje Ims Lied den nasjonale satsinga knytt til Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis (KSI), samt eit blick på KOSIP som er ei nasjonal kartlegging av laget rundt barna og elevane. [Førsteamanuensis Anne Randi Fagerlid Festøy](#), AHL, er leiar for forskningsgruppa.

## Nytt om namn

**Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)**

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no). Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side](#).

## Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin](#).

Legg også ved lenke til publiseringa di.

## Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre](#).

**Lyser ut tre dekanstillinger**

Høgskulen i Volda har lyst ut tre dekanstillingar med søknadsfrist 2. januar 2023. Dei tre avdelingane er Avdeling for kulturfag, samfunnsfag og historie og humanistiske fag og lærarutdanning. Dei fireårige åremåla til dei tre dekanane går ut 31. juli 2023.

### Ledige stillingar

[Dekan: Avdeling for samfunnsfag og historie - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Dekan: Avdeling for kulturfag - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Dekan: Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i religion, livssyn og etikk - søknadsfrist 10.1.2023](#)

[Stipendiatstilling i samfunnsplanlegging - søknadsfrist 15.1.2023](#)

## Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

### Faglege arrangement på og ved HVO:

#### Hausten 2022:

1.12.2022: [Startseminar for nye stipendiatar](#), Rokken

8.12.2022: [Høgskulestyret](#)

9.12.2022: Julebord for alle HVO-tilsette, Ulsteinvik

9.-16.12.2022: [Val av ny rektor og prorektor](#)

15.12.2022: AKF Juleavslutning

16.12.2022: Juleavslutningar for AHL, ASH og AMF

#### Våren 2023:

12.-13.1.2023: GLU-seminar, Loen

20.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO

27.1.2023: [Fagdag, geriatri](#), BK Store auditorium

8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)

9.3.2023: [Høgskulestyret](#)

16.-17.3.2023: ASH Avdelingsseminar

11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar

3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)

25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO

15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

16.6.2023: ASH sommaravslutning

20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen



## Faste lenker:

### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

### REKTORBLOGGEN

16.11.2022: [Tale ved opninga av Kaarstad-jubileet: "Kaarstad-huset er 100 - i 100!"](#)  
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

### HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

### STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

## Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)